

# Jubilant i st



Solveig Tveit (Monica Birkelund) kjem til Fisketorget, der ho møter mange som vil hjelpe henne med å finna røtene sine.



Til Jan Eggum-melodien «På'an igjen» viste Fjellkoret korleis sjekking foregår når ein blir eldre.



Søstrene Hildegunn (frå venstre), Reidun, Ingebjørg og Åsta Lygre har alle vore med i Fjellkoret. Hildegunn og Åsta er framleis aktive.



«Månemannen» av Vamp var blant dei mest stemningsfulle sekvensane under Fjellkoret sin 25-årsfeiring. Alle foto: Kyrre Styve

Fjellkoret syner ingen geriatriske tendensar når dei inviterer publikum på bursdagsfest med stor stemning.

**STRAUME:** – Dette var imponerande, nett no angrar eg litt på at eg slutta, seier Reidun Lygre.

Ho er ei av fire søstre som har sunge av all kraft i Fjellkoret. To av dei har no slutta.

– Det er veldig bra det koret får til. Eg har følgd dei i mange år, først som trufast publikum, så som medlem, og no som trufast publikum att, seier Ingebjørg Lygre, søster nummer to som har slutta i koret.

**DET KORET FEKK TIL** på premieren fredag, var å få publikum i storstemning. Gjennom kabareten «Vestlandet i meg» i kulturhuset på Straume fekk Fjellkoret vist fram både seg sjølve, Vestlandet og songskattane frå regionen. I jubileumskabareten for det 25 år gamle koret

var Monica Birkelund i sentrum. Som den norskætta amerikanaren Solveig Tveit dreg ho til Vestlandet for å finna røtene sine. Tonen er sett då ho kliv inn i taxien på Flesland og seier «Bergen sentrum, please» på umiskjenneleg bergenskengelsk. Derfrå blir det ei reise i song og tonar frå stad til stad på Vestlandet. Solveig Tveit må dra frå Tveit til Tveit til Tveit før ho endeleg finn staden ho ættar frå. Og undervegs går det slag i slag med kjende songar, litt som i den akk så verdskjende «Mamma Mia»-musikalen og filmen. Heldigvis er spennet i songane langt større enn det Abba kan framvisa.

**PÅ FISKETORGET I BERGEN** skin faktisk sola.

«Det er ingenting som påvirkar humøret

slik som sola. Bortsett frå Brann....og Norheimsund!» ropar bergensarane på scena.

Tonen vert sett med «Solen over By'n», ei tolking av legendariske The Kinks sin «Sunny Afternoon». Så kjem ein av fleire nydelege Jan Eggum-songar, «Kor e alle heltar hen». Solveig Tveit dreg til Tveit i Hardanger for å leita etter slekt.

– I Jesu namn på bords vi gå», seier Solveig hjå vertane i Hardanger.

– Eg likte å gå i regnet. «Det må vera vestlendingen i deg», sa bestefar, seier Solveig.

Og kabareten i kulturhuset seier mykje om vestlendingar. Mest på godt, men Fjellkoret vågar seg også borti mindre positive skildringar av folkeslaget her. Og frå ei enkel scene maktar dei å skapa vakre bilete av Vestlandet